Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato
2026/815-3	Inge Olav Fjalestad inge.olav.fjalestad@bygland.kommune.no	26.08.2026

DETALJPLAN FOR HABITATTILTAK I RESTFELTET VED HEKNI KRAFTVERK - HØYRINGSSVAR BYGLAND KOMMUNE

Vi syner til dykkar høyring av detaljplan for betring av fiskehabitat i restfeltet ved Hekni kraftverk, dykkar **referanse 202504892-17**.

Bleka var ein viktig matressurs før reguleringa. Etter reguleringa er bestanden sopass redusert at vi ikkje kan fiske bleke for matauk. Kommunen ynskjer å marknadsføre bleke som ein særeigen fisk som ein kan fiske etter i Bygland. Etter at ein slutta med utsetting av bleke er bestanden så redusert at ein pr. i dag ikkje kan marknadsføre bleke som ein art det kan fiskast etter.

Med bakgrunn i høyringsdokumentet er formålet med tiltaket å sikre naturlig rekruttering og livskraftig blekebestand nord for Ose bru opp til Tjurrmo dam. Dette gjerast ved å auke bleka sin tilgang til skjulestader, gyteområder og vandring.

Kommunedirektøren er positiv til framlagte habitattiltak skissert i detaljplan for å betre bleka sine leveområde og moglegheit for å vandre opp i Otravassdraget.

Under følgjer nokre kommentarar til detaljplanen:

Beitenæring
Men vi vil gjere merksam på at det i planen ikkje er vurdert kva for konsekvensar senking av vasspegelen kan få for beitenæringa frå Langeid og opp til Tjurrmo dam. Otra er eit naturleg stengsel for beitedyr på båe sider av Otra. Otra vil òg vere viktig mot. at små- og storfe på beite har drikkevatn. Ved låg vassføring i Otra må ein gjerde langt ut i elva for å unngå at beitedyr vandrar over til naboen på tørrlagt elvebotn. Det bør avklarast om endring av vasspegel oppstraums tersklar kan få vesentleg ulemper for beitenæring og korleis ein kompenserer eventuelle ulemper.

Motorferdsel
Tilkomst frå bilveg fram til tersklar vil dels gå på eksisterande enkle vegar (traktorvegar) over dyrka mark eller i utmark (skogsterreng). Tiltakshavar må vurdere om transporten må omsøkast jf. ny lov om motorferdsel i utmark. Ny lov om motorferdsel er

Naturmangfald
I følgje artskart er det registrert ein observasjon av slettsnok i 2014 ved skissert tilkomstveg ved Hekneøyi.

Innspill – plan- og bygnignsloven

Bygland kommune gjer merksam på at eit par av tiltaka skal utføras i eit område av Otra der kommunegrensa går i Otra, Bygland kommune er på aust-sida av vassdraget og Valle kommune er på vest-sida av vassdraget. Bygland kommune gir innspill for tiltak innafor vår kommunegrense.
NVE må også be Valle kommune om høyringssvar for tiltak i Valle kommune.

Planstatus:
Gjeldande arealplan for tiltak i vassdrag og på land er kommuneplanens arealdel som er vedteken den 19.6.2025.

Arealformål vassareal
Vassarealet i det aktuelle området er stort sett avsett til arealføremål bruk og vern av vassdrag, BSV, med omsynssone H560-2 bevaring av naturmiljø. I føresegner til kommuneplanen står følgjande:

4.2.2 Omsynssone bevaring naturmiljø H560

Gyte- og oppvekstområde for bleke.

Retningsline:

i. Før eventuelle tiltak og inngrep i områda, så skal Bygland kommune uttale seg og bistå med å finne løysingar som tar i vare bleka sitt gyte- og oppvekstområde.

Oppsummert ved tiltak i vassareal:
Planlagde tiltak i vassareal, slik som endring av lausmasse tersklar og tilføring av gytegrus i Bygland kommune og innafor omsynssone bevaring naturmiljø er vurdert til å vere i samsvar med kommuneplans arealdel.
Tiltaka er vurdert som så må at det ikkje er søknadspliktige tiltak etter plan- og bygningsloven.

Arealformål landareal:
Landareal som blir berørt er avsett til LNF-område. Etablering av midlertidig tilkomstveg/anleggsveg er i strid med arealformålet LNF-område og eit søknadspliktig etter plan- og bygningsloven. Dersom tiltaket skal vare i inntil 2 år der det eit tiltak utan ansvar, dersom anleggsveg skal vare i meir enn 2 år der det søknadspliktig tiltak med ansvar.
I tillegg kan det vere naudsynt med løyve til avkøyrsel frå Rv 9, det må bli omsøkt via felles søkerportal Avkjørsel | Statens vegvesen

Forhold til «vann-nett»
Kommunen meiner at tiltaket må leggast inn i vann-nett. Vi oppmodar om at tiltakshavar sørger for at rette myndigheit oppdaterer tiltaket i vann-nett.

Med helsing
Bygland kommune

Inge Olav Fjalestad
Skogbrukssjef

Om Bygland kommune har sendt dette dokumentet elektronisk, vil det mangle underskrift.

Sentrum 18
4745 Bygland

T 37 93 47 00
E post@bygland.kommune.no

Bank: 2898 07 00013
Skatt: 6345 06 09384

Kommunenr. 0938
Org. nr. 964 966 397

www.bygland.kommune.no